

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Breheimsenteret i Jostedalen
Dato: 24.05.2013
Tidspunkt: 11:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Ivar Kvalen	Leder	
Eline Orheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	NESTL	
Karen Marie Hjelmseter	MEDL	
Olve Grotle	MEDL	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	SNO

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 11/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 13/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - retningslinjer for bruk av frie tiltaksmidler		2012/4649
ST 14/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage frå Fylkesmannen på vedtak om landingsløyve med helikopter på Skåla		2013/1547
ST 15/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt		2013/2094
ST 16/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - oppsetting av skilt på Flaumpark Fossøy		2013/2173
ST 17/13	Jostedalsbreen nasjonalpark – Søknad om midlar – Nesdalen grunneigarlag		2012/3421
ST 18/13	Jostedalsbreen nasjonalpark – Søknad om støtte til opprusting og vedlikehald av Flatbrehytta		2013/612

Orienteringar:

- Skiltprosjektet

Styret fekk sjå utkast til fire ulike informasjonsskilt, og hadde positive utsagn om innhald og layout. I løpet av sommaren skal fleire skilt bli ferdige til oppsetting rundt nasjonalparken.

- Jubileumsseminar Jostedalsbreen nasjonalparksenter

Styret ba om å få utsendt invitasjon igjen, og vart oppmoda til å delta på arrangementet 21. og 22. juni. Forvaltaren sjekkar med senteret om kva dei ev. ønskjer seg i gåve i samband med jubileet.

- Offisiell opning Breheimsenteret

Den 24. juni reopnar Breheimsenteret, og statsminister Stoltenberg kjem til Jostedalen i samband med arrangementet. Nærare informasjon kjem frå Breheimsenteret i løpet av kort tid.

- Studentprosjekt og ev presentasjon

Tre studentar på HiSF ha rdet siste året jobba med å lage ein plan for innfallsportane Bødalsseter, Kjenndalen og Krundalen. Bacheloroppgåvene vert presentert på høgskulen den 14. juni.

- Mammutopning bremuseet

Det var ei vellukka opning av mammutparken på Bremuseet den 9. mai, og mange små og store besøkande fekk oppleve den nye attraksjonen. Ordførarane Kvalen, Klakegg og Aarvoll haldt tale og overrekte blomar.

- Oppstart av ferdselsvegrestauring og anbodsvinnarar

Vinnarane av anbodskonkurransen på dei to ferdselsvegane til Flatbrehytta og Kamperhamrane vart Geirr Vetti og Ole Runar Aabrekk. Stien mot Flatbrehytta vert starta restaurert allereie den 10. juni med seks sherpaar frå Nepal, arbeidet på Kamperhamrane vert starta midt i juni. Styret var positive til å få ein tilleggsløyving frå SNO-sentralt slik at enda meir arbeid kan utførast på ferdselsvegane i nasjonalparken i løpet av sommaren.

ST 11/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Vedtak

To søknadar om økonomisk støtte blir lagt til sakslista som sak 17/13 og 18/13.

ST 12/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Vedtak

Gunnvor A. Sunde og Einar Målsnes skriv under på protokollen i lag med styreleiar.

Arkivsaksnr: 2012/4649-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 10.05.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	13/13	24.05.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Retningslinjer for bruk av frie tiltaksmidler

Innstilling frå forvaltaren

Kriterium for bruk av uspesifiserte tiltaksmidler som økonomiske bidrag til prosjekt/tiltak knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark:

1. Tiltak som fremjar verneformålet/verneverdiane
2. Tiltak som kjem ålmenta til gode
3. Tiltak som fremjar ålmenta sin tilgang til nasjonalparken
4. Fleirårige tiltak
5. Administrative grenser skal ikkje vere avgjerande
6. Økonomisk bidrag skal ikkje brukast til driftsmidler

For at søknaden skal bli vurdert må punkt 1 og 6 må vere oppfylt.

Tiltak som tilfredsstiller fleire av vilkåra skal prioriterast framfor tiltak der berre eit av vilkåra er oppfylt.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

Kriterium for bruk av uspesifiserte tiltaksmidler som økonomiske bidrag til prosjekt/tiltak knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark:

7. Tiltak som fremjar verneformålet/verneverdiane

8. Tiltak som kjem ålmenta til gode
9. Tiltak som fremjar ålmenta sin tilgang til nasjonalparken
10. Fleirårige tiltak
11. Administrative grenser skal ikkje vere avgjerande
12. Økonomisk bidrag skal ikkje brukast til driftsmidlar

For at søknaden skal bli vurdert må punkt 1 og 6 må vere oppfylt.

Tiltak som tilfredsstiller fleire av vilkåra skal prioriterast framfor tiltak der berre eit av vilkåra er oppfylt.

Saksopplysningar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk i brev datert 12.3.2013 tildelt midlar for forvaltning av nasjonalparken for 2013. Ein del av midlane er tildelt som uspesifiserte tiltaksmidlar. For 2013 utgjer dette 200.000,-. Ein kan forvente ein tilsvarande sum årleg i uspesifiserte tiltaksmidlar. I tråd med vedtak i sak 10/13 på styremøte 1/2013 skal det utarbeidast retningslinjer for bruk av uspesifiserte tiltaksmidlar.

Det kjem stadig førespurnadar om økonomiske bidrag til prosjekt som ikkje fell naturleg inn under bestillingsdialogen. Det er mange private grunneigarar og andre aktørar som har aktivitet i nasjonalparken og tilgrensande område. Eksempel på slike førespurnadar er tilskot til vedlikehald/byggjearbeid på turisthytter som Flatbrehytta og Skålatårnet, tilskot til arbeid med rydding av stiar og tilskot til ulike turistretta prosjekt rundt nasjonalparken som profilerer nasjonalparken.

Framleis aktiv bruk av deler av nasjonalparken er viktig for å oppretthalde verneføremålet. Dersom nasjonalparkstyret ønskjer å bruke deler av dei uspesifiserte tiltaksmidlane som økonomiske bidrag til å fremje slike tiltak, bør styret vedta eit sett av kriterium og føresetnader for tildeling for å få til mest mogleg lik handsaming mellom aktørar, samt geografisk nokon lunde lik fordeling rundt nasjonalparken. Dei økonomiske ressursane er avgrensa og all aktivitet og prosjekt i verneområda vil ikkje kunne få tildelt midlar. Døme på kriterium og/eller prioriteringar kan vere:

1. Tiltak som fremjar verneformålet/verneverdiane
2. Tiltak som kjem ålmenta til gode
3. Tiltak som fremjar ålmenta sin tilgang til nasjonalparken
4. Fleirårige tiltak
5. Administrative grenser skal ikkje vere avgjerande
6. Økonomisk bidrag skal ikkje brukast til driftsmidlar

For at søknaden skal bli vurdert må punkt 1 og 6 må vere oppfylt.

Tiltak som tilfredsstiller fleire av vilkåra skal prioriterast framfor tiltak der berre eit av vilkåra er oppfylt.

Arkivsaksnr: 2013/1547-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 14.05.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	14/13	24.05.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage frå Fylkesmannen på vedtak om landingsløyve med helikopter på Skåla

Innstilling frå forvaltaren

Søknad om landing med helikopter på Skåla, med heimel i naturmangfaldlova § 48, blir avslått.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Framlegg frå Gunnvor A. Sunde:

Sidan dette er ei «ikkje-sak», der tiltaket ikkje vil bli gjennomført, blir klaga frå Fylkesmannen teke til fylgje.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Sidan dette er ei «ikkje-sak», der tiltaket ikkje vil bli gjennomført, blir klaga frå Fylkesmannen teke til fylgje.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om landing på Skåla, datert 2.4.2013
- Løyve frå arbeidsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert 11.4.2013
- Klage frå Fylkesmannen på vedtak om landingsløyve på Skåla, datert 12.4.2013

Bakgrunn

Fjord Helikopter søkte om løyve til landing med helikopter på fjellet Skåla i samband med konseptet WildWestWays. For detaljar rundt søknaden viser eg til søknaden og behandlinga i arbeidsutvalet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har klaga på vedtaket. I klaga viser Fylkesmannen til nasjonalparkforvaltaren si grunngjeving for innstillinga om å gi avslag på søknaden, og seier seg samd i denne. Fylkesmannen meiner løyvet vil skape ein uheldig presedens for auka motorferdsel i nasjonalparken. Dei meiner vidare at søkjar ikkje har grunngjeve kvifor aktiviteten med påfølgjande helikopterlandingar må skje i nasjonalparken i staden for ein annan stad. Dei peikar også på at grunngjevinga frå arbeidsutvalet for å gi løyve er mangelfull etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova. For fleire detaljar viser eg til klaga frå Fylkesmannen.

Vurdering

Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at det er kome til nye opplysningar i saka som gjev grunnlag for ei anna vurdering av saka. I sakshandsaminga var innstillinga til nasjonalparkforvaltaren å gi avslag på søknaden. Grunngjevinga for dette var at filmen, som er å rekne som «produktet» av dette konseptet, ikkje primært vil ha innhald i tråd med føremålet med vernet, og føremålet med filmen er ikkje å formidle verneverdiane. Ein kan stille spørsmål ved om aktiviteten filmen vil vise er å rekne som enkelt friluftsliv, og difor om han fremjar aktivitetar ein ynskjer å ha i eit verneområde. I den grad ein er avhengig av helikoptertransport av utstyr opp i fjellet, meiner nasjonalparkforvaltaren at dette ikkje kan reknast som enkelt friluftsliv. Når eit slikt arrangement krev motorisert ferdsel, bør det leggjast utanfor verneområde. Nasjonalparkforvaltaren meiner at saka vil kunne danne ein presedens i liknande saker i framtida.

Eit løyve etter naturmangfaldlova § 48 er avhengig av at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Nasjonalparkforvaltaren meiner motorisert ferdsel bryt med inntrykket av eit området i «naturleg tilstand», som er del av verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil også verke uroande for friluftslivet. Tiltaket kan difor seiast å vere i strid med føremålet med vernet. Nasjonalparkforvaltaren meiner at eit løyve vil føre til ein presedens, som kan føre til fleire liknande saker i framtida, som igjen vil føre til at motorisert ferdsel kan få eit omfang som gjer at det påverkar verneverdiane nemneverdig. Tiltaket er heller ikkje naudsynt av omsyn til sikkerheit eller av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser.

Nasjonalparkforvaltaren konkluderer med utgangspunkt i grunngjevinga over at søknaden må bli avslått. Dersom nasjonalparkstyret likevel vil oppretthalde vedtaket frå arbeidsutvalet, vil nasjonalparkforvaltaren minne om at vedtaket må grunngjevast. Det må gjerast ei konkret vurdering av om vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt. Det skal også gå fram av vedtaket korleis styret har vurdert prinsippa i naturmangfaldlova

§§ 8-12. Ein kan argumentere med at dette ikkje gjekk fram av det førre vedtaket frå arbeidsutvalet. Manglande vurdering av prinsippa er i utgangspunktet å rekne som ein sakshandsamingsfeil som kan føre til at vedtaket er ugyldig.

Arkivsaksnr: 2013/2094-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 10.05.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	15/13	24.05.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ber Miljøverndepartementet om å vedta at forvaltningsknutepunktet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal liggje i Gaupne, med kontorplass på rådhuset i Luster kommune.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Framlegg frå Oddmund Klakegg:

Saka blir utsett i påvente av grundigare gjennomgang av ordninga med forvaltningsknutepunkt. Saka blir sett opp på eit møte i nasjonalparkstyret 24. juni i Jostedalen i samband med gjenopning av Breheimsenteret. Til møtet skal nasjonalparkforvaltaren utarbeide saksframlegg som også skal innehalde:

- Ein skriftleg uttale frå fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal om arbeidsgjevaren sine vurderingar av arbeidssituasjonen for forvaltaren, og hans syn på framtidig plassering av forvaltningsknutepunkt.
- Skriftleg dokumentasjon frå Luster kommune om kva fasilitetar dei tilbyr i rådhuset i Gaupne; kontor, møterom, fagmiljø.
- Ein skriftleg uttale frå John Brekke, dagleg leiar på Bremuseet, om deira bidrag til ei mogleg utvikling av forvaltningsknutepunktet i Fjærland. Aktuelle problemstillingar er moglege nye arbeidsplassar som kan bidra til å bygge opp eit fagmiljø, og andre sider ved kontormiljøet.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Framlegg frå Oddmund Klakegg:

Saka blir utsett i påvente av grundigare gjennomgang av ordninga med forvaltningsknutepunkt. Saka blir sett opp på eit møte i nasjonalparkstyret 24. juni i Jostedalen i samband med gjenopning av Breheimsenteret. Til møtet skal nasjonalparkforvaltaren utarbeide saksframlegg som også skal innehalde:

- Ein skriftleg uttale frå fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal om arbeidsgjevaren sine vurderingar av arbeidssituasjonen for forvaltaren, og hans syn på framtidig plassering av forvaltningsknutepunkt.
- Skriftleg dokumentasjon frå Luster kommune om kva fasilitetar dei tilbyr i rådhuset i Gaupne; kontor, møterom, fagmiljø.
- Ein skriftleg uttale frå John Brekke, dagleg leiar på Bremuseet, om deira bidrag til ei mogleg utvikling av forvaltningsknutepunktet i Fjærland. Aktuelle problemstillingar er moglege nye arbeidsplassar som kan bidra til å bygge opp eit fagmiljø, og andre sider ved kontormiljøet.

Saksopplysningar

I styremøte 1/2013 den 15. mars 2013 orienterte fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal om status og erfaringar som arbeidsgjevar for forvaltarane. Han presenterte der eit ynskje frå nasjonalparkforvaltar Maria Knagenhjelm om å flytte forvaltningsknutepunktet. Bakgrunnen for dette er at ho ynskjer eit større fagmiljø med fleire kollegaar.

I det konstituerande møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 1. februar 2011 vedtok styret samrøystes å be Miljøverndepartementet om å peike ut Norsk Bremuseum i Fjærland som forvaltningsknutepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark.

I brev frå Miljøverndepartementet datert 14.12.2009 er fylgjande kriterium/punkt for lokalisering av forvaltningsknutepunkt nemnt:

«Forvalteren skal fortrinnsvis ha sin kontorplassering geografisk i nær tilknytning til det/de aktuelle verneområdet/verneområdene. Målet er at forvalteren skal inngå i et faglig fellesskap gjennom oppbygging av lokalet/regionale forvaltningsknutepunkt som det det er hensiktsmessig, blir knyttet til nasjonalparksentre eller andre typer naturinformasjonssentre. Forvalteren forutsettes her samlokalisert med andre fagpersoner knyttet til verneområdet, som for eksempel personell fra Statens naturoppsyn (SNO) og naturveiledere. Fjellstyrene kan også være aktuelle partnere i et slikt fellesskap.»

«Lokalisering av forvaltningsknutepunkt vil bli drøftet med utgangspunkt i innspill fra bl.a. styrene.»

«Det forutsettes at forvalteren inngår i et fagmiljø. Det skal derfor bygges opp lokale/regionale faglige fellesskap knyttet til nasjonalparksentre eller andre typer naturinformasjonssentre hvor forvalteren samlokaliseres med andre fagpersoner knyttet

til verneområdet. Miljøverndepartementet vil ta den endelige beslutningen om hvilke eksisterende sentre som skal utvikles til knutepunkt, og hvor det eventuelt skal etableres nye sentre som vil få en knutepunktfunksjon. Departementet vil fatte sin beslutning om lokalisering av knutepunktene bl.a. på bakgrunn av innspill fra styrene.»

Vurdering

Norsk Bremuseum i Fjærland er i utgangspunktet ein lokalitet som fyller kriteria Miljøverndepartementet har til eit forvaltningsknutepunkt. Det er eit nasjonalparksenter, og er samlokalisert med SNO. Men to personar knytt til verneområdet er knapt å rekne som eit fagmiljø.

Det er eit sterkt ynskje frå Maria Knagenhjelm å få flytta forvaltningsknutepunktet til Gaupne, med kontorplass på rådhuset, samlokalisert med forvaltaren for Breheimen nasjonalpark og Jotunheimen nasjonalpark. Ordninga med lokal forvaltning er ny, og det er naturleg at ein på grunnlag av erfaringar etter kvart vil måtte gjere slike justeringar.

Mi erfaring som nasjonalparkforvaltar er at sakshandsaming er ein stor og krevjande del av stillinga. Faglege spørsmål dukkar ofte opp. Dei mest nærliggjande å diskutere konkrete saker med er andre forvaltarar. Det er mi meining at personlege omsyn må vege tungt i denne saka. Samtidig som det er eit sterkt ynskje frå forvaltaren, vil ei slik ordning òg gje eit meir robust fagmiljø, som vil vere viktig for dei som sit i desse stillingane i dag, og ved eventuelle nye tilsetjingar i framtida. Det at forvaltningsknutepunktet ikkje blir på eit nasjonalparksenter bør ikkje ha noko å sei for korleis nasjonalparkforvaltaren samarbeider med Bremuseet i Fjærland, eller dei to andre nasjonalparksentera.

ST 16/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - oppsetting av skilt på Flaumpark Fossøy

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga frå forvaltaren.

Vedtak

Flaumpark Fossøy v/ Arne Aasen Hauge får eit tilskot til det omsøkte infoveggen på Fossøy i Jostedalen tilsvarende utlegg til andre skiltstativ i Jostedalsbreen nasjonalpark sitt skiltprosjekt.

Tilskotsmidlane vert belasta skiltprosjektet, og den konkrete summen på tilskotet vil truleg kunne bli avklart i løpet av hausten 2013.

ST 17/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om midlar - Nesdalen grunneigarlag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Einar Målsnes erklærte seg ugild, og deltok ikkje i handsaminga av saka.

Framlegg frå Ivar Kvalen:

Styret gir ein økonomisk støtte på 10.000,-

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret gir ein økonomisk støtte på 10.000,-

ST 18/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om støtte til opprusting og vedlikehald av Flatbrehytta

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.05.2013

Framlegg frå Einar Målsnes:

Styret gir ein økonomisk støtte på 30.000,-

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret gir ein økonomisk støtte på 30.000,-